

Referat frå rektornettverk 31.01.2023 kl 9.00-14.30, HVL

12 møtte.

Introduksjon

Det er viktig å ha nettverk for oss rektorar. Samhald og det å kunne hjelpe kvarandre. Me ynskjer spesielt velkommen til ny rektor Magne Klepp ved Lærdalsøyri skule, Henriette Gustavsen ved Aurland barne- og ungdomsskule og Linda Maristuen ved Oppvekst Borgund som starta i januar 23, mars 22 og august 22).

1. Oppvekstreform

Astrid frå Flåm skule innleia. Litt trått start for oppvekstreforma rundt om? Kor langt er kommunane komne i høve oppvekstreforma? Me tok ein runde:

Aurland: Innsatsteam i Aurland etter modell frå Valdres har vore vellukka. Opplever problem med kven som skal ha ansvaret for å koordinere ansvarsgrupper – bør leggast til helse og ikkje einingane som alt er tungt involvert

Vik: Har sett på Stryn sin modell. Forslag til plan. Trafikklysmoell. Mål om å vere konkret i høve mål og tiltak.

Luster: Helsejukepleiar, PPT og evt. barnevern har faste møte på einingane. Politisk plan, men forankring er vanskeleg

Årdal: BTI-kommune (betre tverrfagleg innsats). Kommunal plan, men viktig at det er forankra i kvardagen

VGS: Rettleiingstenesta – litt ymse erfaringar pr no, mykje utskifting. Vanskeleg å få informasjon om tidlegare forhold knytt til elevlar. Anonymisering er vanskeleg. Tida går fort.. Ansvarsgruppemøte har vore vanskeleg å få til, kommunen må ta ansvar for å opprette dette. Mange kommunar å samarbeide med. Nokre elevlar vil starte med blanke ark på VGS og reserverer seg mot deling av info ved overgang, men realitetane innhentar seg ofte raskt. Overføringsmøta har blitt betre dei seinare år, betre kontakt mellom rådgjevarar og kontaktlærarar.

Kva om statsforvaltaren hadde kome med malar me kan nytte og hjelpe oss i høve oppvekstreforma?

2. Elevmedverknad

Artikkel det er verdt å kikke nærare på: [Mener elevene i større grad må få påvirke hvordan de skal jobbe med fagene \(utdanningsnytt.no\)](https://www.undervisningsvesen.no/nyheter/2022/11/16/mener-elevene-i-storre-grad-ma-fa-pavirke-hvordan-de-skal-jobbe-med-fagene-utdanningsnytt.no)

Undervisningsvurdering i gruppa (Årdal VGS). Mange elevlar er livredde for den type vurdering.

Omgrep er viktig – kva betyr dette? Forstår elevane spørsmåla om medverknad i elevundersøkinga? (Sogndal VGS).

Medverknad betyr ikkje å få viljen sin/bestemme alt. Ofte forstår ikkje elevane spørsmåla i elevundersøkinga.

Korleis involvere elevane når det gjeld læringsmetodar/strategiar? Læringsgrupper..

Veldig læraravhengig. Nokre brenn for dette, andre syns det er skummelt å miste styringa/ la elevane få medverke så mykje. Ganske unge elevlar har gode innspel på arbeidsmetodar.

Handlar også om klasseleiing og relasjonskompetanse. Skapar me dei gode trygge rammene for at elevar skal tørre å delta aktivt?

Tea Volle, elevrådsleiar Sogndal VGS

Sjå eigen presentasjon vedlagt.

Først må me spørje oss – er elevmedverknad viktig? Meiningane er nemleg der, ein må få dei fram.

Til leiinga: Korleis får de vite kva som skjer på skulen og kva bør de ta tak i?

3 typar medverknad: elevråd, i klassen, dialog

Korleis vel ein eit elevråd på best mogeleg måte? Ver obs her!

Ein kan ta opp saker i elevrådet. Kva saker kan me ta opp? Kom med konkrete døme til klassane.

Elevane kan melde inn sakene/meiningane skriftleg til elevrådsleiar også.

Korleis tek me sakene opp i elevrådet?

Kva skjer etterpå? Viktig at elevrådet vert lytta til. Viktig at klassane får tilbakemelding frå elevrådet om sakene (framdrift, resultat). Tilgjengeleg referat.

Elevmedverknad i klassen

-plenum: fungerer dårleg

-diskusjon i små grupper: får fram fleire meiningar

-individuell val: kvar og ein får eit val (fungerer best i enkle spørsmål)

Samtale og dialog er viktig.

Vurdering er også eit viktig punkt i elevmedverknad.

3. Fullføringsreform/ dialog

Sjå resultat frå gruppene via Mentimeter (ligg i vedlagt presentasjon).

Det har kome veldig lite ny informasjon om fullføringsreforma sidan våren 2022. Det skal no vere lov å bruke lengre tid på å ta vidaregåande opplæring.

Sogndal VGS: urovekkande mange elevar kjem over i vgo utan karakter. Karakteren 1 er betre enn IV. Bør unngå å fritta i andre fag enn kroppsøving og sidemål om mogeleg. Fritak er utfordrande i VGS. Viss ein elev får karakteren 1 kan hen bli lærling, viss eleven frå IV kan hen ikkje bli lærling, men lærekandidat eller praksiskandidat (kombinert lengre læretid og programfag). Dette får store konsekvensar for elevane det gjeld. Det bør ikkje gjevast vurderinga IV i ungdomsskulen viss ikkje det er store diagnosar det er snakk om, som t.d Downs syndrom. For å søke inn på særskilt 1.februar må ein ha overvekt av IV. Dette må ungdomsskulane informere foreldre og elevar om.

Rådgjevarnettverket for ungdomsskular og VGS må me få i gang att! Det er ein viktig forum.

4.Ymse

Elevpermisjonar v/ Henriette

Korleis stiller me oss til eit aukande problem med elevpermisjonar? Foreldre blir freista av billege ferieturar til utlandet no. Det er ulikt korleis me løyser dette rundt i landet.. Bør me skrive dei ut etter 10 dagar elevpermisjon? Då mistar eleven tilgangar.. Etter 10 dagar permisjon overtek foreldra ansvaret for opplæringa. Dilemma.

Luster: mistar Feide-innlogging viss elevpermisjon over lengre tid. Vanskeleg for foreldre å forstå alvoret i vurderingsansvaret osv.

VGS: dersom ein har mykje fråvær frå før kan ein miste karaktergrunnlag ved elevpermisjon.

Vik: Romslege vedtak. Kallar inn til møte ved fråvær over 10 dagar (når det begynnar å bli stort).

Rektor, kontaktlærer og foreldre/elev i møte. Førebyggande. Dette er også viktig for VGS, me må tole å vere på skulen viss du er litt snufsen.. Viktig å få stoppa negative vanar fort.

Korleis kan ein behalde moglegheit for innlogging i Feide sjølv om eleven vert meldt ut etter 10 dagar elevpermisjon? Visma kan gi oss svaret.

Skrivar: Ingrid Steine Bortne